

KYRKIEBLAD



NR. 1

VÅR 2020

ÅRGANG 65

for SØR - FRON



Foto: Terje Solberg

Biskopens påskeandakt

Foto: Liv Torild Braathen.



Håp i tider som er annerledes

Dagene er så annerledes. Vi har over tid hørt om koronaviruset, Covid -19 og vi tenkte at det var synd på alle som er i berøring med dette. Stakkars dem. Men plutselig er det også her hos oss, og vi er inne i ei tid som er annerledes.

Annerledes dager. Dager der vi holder fysisk avstand, men søker å holde sammen i å løfte fram våre felles gode verdier knyttet til å bry oss om hver andre. Ikke minst være oppmerksomme på at noen nå trenger en ekstra prat på telefonen eller en hilsen. Det handler om gi et handtrykk på andre måter enn det vi gjør til vanlig.

Verden over kjenner mennesker på de utfordringene Covid-19 gir. Og noen er mer sårbarer og utsatte enn andre både her heime og ellers.

Mange er redde, kjenner på dødsangst, kjenner på savn etter det normale, lengsel etter det som var.

Flere av oss er i berøring med slike tanker og følelser. Slik tror jeg det også var for disiplene som fulgte Jesus. De så at Jesus reiste mennesker opp og at han ikke gikk forbi de utstøtte, men ga mange det håndtrykket, det håpet de trengte. Men disiplene opplevde også at han ble anklaget, korsfestet og døde. Og de sørget dypt. Så da påskedagen kom, var de fremdeles både i sorg og savn, og jeg tror også redde i det som var annerledes dager for dem.

Noen av kvinnene gikk til graven. Det de opplevde der, fylte dem med frykt, men også med stor glede. Kanskje litt i slekt med det en føler med et nyfødt lite liv i hendene. Undring, spenning, beven for ukjent fremtid og intens klar lykke.

Det er mange tanker vi kan ha om påske og påskefortellingene. Jeg vil løfte fram det store i at Jesu liv, hans død på korset og hans oppstandelse kaster lys over vår tilværelse i livet, døden og inn i evigheten.

Lyset fra Kristus omslutter oss som en soloppgang. Ja, som en stille, stille soloppgang som styrker tro, håp og kjærlighet. I klangen fra dette vil jeg sitere lyrikeren Arnold Eidslott som snakker om betydningen av å søke en høyere gjerning. Han sier at det er fødsel at to hender møtes. Akkurat nå gir vi hverandre håndtrykk på andre måter enn ellers, men fremdeles gjelder det som står i diktet Håndtrykket.

**Gå sakte, menneske
søk en høyere gjerning
Trykk den lidendes hånd**

**Gå sakte og let
etter de rådløse hender
hvert håndtrykk fører en stjerne**

*Jeg ønsker dere en velsignet påske.
Må Gud velsigne og bevare dere.*

*Solveig Fiske
Hamar biskop*



På bildet ser dere den nye altertavla i Sørskogbygda kirke i Sør-Østerdal prosti. Utsmykningen er laget av den anerkjente glasskunstner Maud Gjeruldsen Bugge ved Hadeland Glassverk, og kom på plass i februar 2019. Bildet er tatt av Elisabeth Gjerdingen.

Om altertavla:

Alterbildet har motiv med livets tre, med både rotfeste, vekst og nye skudd - som symboliserer trygghet, og korsmotivet er også med. Bildet til venstre er de tre vise menn som bærer med seg gaver i gull og myrra til det nyfødte Jesus-barnet.

Bildet til høyre er stallen i Betlehem og den hellige familie. Alle de tre bildene har innslag av de fire liturgiske fargene; fiolett, hvit, rød og grønn. Kirkerommet oppleves på en ny måte, med nye farger og forventninger, og gir rom for håp, undring og glede.



Gje meg handa di

Jeg har valgt «Gje meg handa di» Melodien er en gammel irsk melodi fra 1600 tallet.
Teksten er skrevet av Sondre Brattland i nyere tid. Salmen brukes både i bryllup og begravelser.
Den ble også brukt i min manns begravelse. Salmen minner meg om Tores
sterke og trygge hand, som er et stort savn.

Takker Tordis Bjørke for tilliten og sender «Salma mi» til Anne Lise Stakston.

Lykke til!
Hilsen Sigrun Grotheim Steig

Gje meg handa di, ven når det kveldar,
det blir mørkt og me treng ei hand.
La dei ljose og venlege tankar
fylgle oss inn i draumars land.
Lat varmen frå ein som er glad i deg
tenne stjerner i myrkaste natt.
Gje meg handa di, ven, når det kveldar,
det blir mørkt og me treng ei hand.

Varme tankar og hender som trøystar
er som sol over frozen jord.
Kjenne varmen frå ein som er nær deg
gjev langt meire enn store ord!
Lat varmen frå ein som er glad i deg
tenne stjerner i myrkaste natt!
Gje meg handa di, ven, når det kveldar,
det blir mørkt og me treng ei hand.

Råd og utvalg i Sør-Fron sokn 2020-2023

- oppnevnt av soknerådet -

Administrasjons- og partssammensatt utvalg

Kirketjener Stein Olav Myhre (stabben)
Leder John Sigurd Holtesmo
Nestleder Åse Beitdokken
Irena Svelle
Kirkeverge Kristian Haave

Diakoniutvalg

Mari Dalseg
Kari Hovemoen
Mariann Isumhaugen
Randi Solbraa
Åse Beitdokken
Liv Torild Haverstadløkken
Synøve Barlund Fladby

Trosopplæringsutvalg

Menighetspedagog Barbro Kvernes
Linda Bekkelund
Wenche Bjerkehagen
Elisbeth Alme
Agnetha Skattebo
Ruth Marie Dahlum
Sokneprest Kristinn Olason
Kantor Sergey Shulga
Klokker Synøve Barlund Fladby

Bygg og anleggsutvalg

Stein Olav Myhre
Wenche Bjerkehagen
Hans Peter Skurdal
John Ståle Kristiansen
Ragnhild Ulberg (kommunens representant)
Kirkeverge Kristian Haave

Redaksjonskomite Kirkebladet

Sokneprest Kristinn Olason
Klokker/sekretær Synøve Barlund Fladby
Kristin Sommer
Kirkeverge Kristian Haave

Bibelkontakt: Synøve Barlund Fladby

Utsending årsmøte Kirkens SOS

Leder John Sigurd Holtesmo
Utsending årsmøtet Kirkens familierådgiving
Ellen Marie Engebretsen

Gudstjenesteutvalg

Staben
Irena Svelle
Ellen Marie Engebretsen

Kontakt Kirkens Nødhjelp og Fasteaksjonen

Hans Peter Skurdal
Synøve Barlund Fladby

Til tjeneste for folkekirken

*"Et menneske uten gudsfølelse - nei,
det tror jeg ikke eksisterer.»*

Innlandsdikteren Hans Børli setter ord på det mange av oss opplever, og som vi stadfester gjennom dåpen. Åtte av ti innbyggere i Innlandet er døpt, og med det medlemmer i Den norske kirke. Dere har nå valgt hver enkelt av oss i bispedømmerådet, til å forvalte og videreføre kirken vår. Vi er svært takknemlige for den tilliten dere har vist oss i valget, og skal gjøre vårt beste for at kirken vår skal ha rom for alle.

Folkekirken rommer det alminnelige livet. Her er det rom for tradisjon og kultur, og et hellig rom for livets milepæler, dåp, konfirmasjon, vigsel og begravelse. Det kristne budskapet om nestekjærlighet, er verdigrunnlag og bærebjelke.

Bispedømmerådets oppgave er å «vekke og nære det kristelige liv i menighetene».

Det skal rådet gjøre, gjennom å fremme samarbeid mellom menigheter og bispedømme, fordele statlige tilskudd, opprette og legge ned stillinger, tilsette kirkelige ansatte og legge planer og strategier.

Hamar bispedømmeråd vil at kirken vår skal være mer synlig, mer relevant, og mer tilstede i folks hverdagsliv. Framover vil vi satse på dåp, og på rekruttering til stillinger i kirka.

I dåpen feirer vi livet, tar imot Guds kjærlighet og blir del av det kristne globale fellesskapet. Medlemsundersøkelsen fra 2019 viser at 8 av 10 ville valgt å døpe barna sine i dag. Dette ønsker vi å imøtekommе ved å gjøre dåp mer tilgjengelig. I hvert prosti vil det i løpet av 2020 bli gitt tilbud om drop in-dåp.

Prestemangelen er mange steder prekær. Det pågår et arbeid nasjonalt for å øke rekrutteringen til stillinger i kirka, og i Hamar bispedømme gjør vi i tillegg egne tiltak. Vi har som mål at flere nyutdannede prester vil se mot Hamar bispedømme, som et attraktivt sted å jobbe og bo.

Hamar bispedømmeråd vil at folkekirken i Hamar bispedømme skal være for deg og meg; hellige rom for alminnelige liv.

Takk for tilliten dere har vist oss.




Her er hele rådet med varamedlemmer. Bak fv: Ingrun Jule (vara) Trond Enemo (vara), Gunnstein Endal, Thomas Tinglum, Trond Rønning, Lisbeth Sydbøge, Finn Ragnvald Huseby, Ingebjørg Vik Laugaland (vara), Marta Bjørnøy Lalim (vara), Kari Espås Drogseth (vara).

Foran fv: Iselin Vistekleiven, biskop Solveig Fiske, Gunhild Tomter Alstad, stiftsdirektør Freddy Knutsen, Inger Kragh Nyhus. Foto: Halvard Bjørkås

Frå fjeresteinane i Namdalen til Sør-Fron

Etter ni år i redaksjonsrådet for Kyrkjebladet i Sør-Fron går Karl Olsen ut av redaksjonen, og kan sjå attende på rundt 700 trykte sider og mykje eigenprodusert stoff i hop med dei andre i redaksjonen, Gudveig Rønn og Kristinn Olasson. Dette er eit blad som kjem fire gonger i året – eit blad som alle i bygda får i postkassa. Det er eit blad som held oss orientert om kva som skjer i kyrkja gjennom året – eit blad som mange ser fram til å lesa.



Karl Olsen med to av mange kyrkjeblad han har vore redaktør for. Foto: Rasmus Stauri.

- *Eit fast innslag i Kyrkjebladet er «Salma mi». Kva er din salme, Karl?*

«Når du er født omtrent på ein fjerestein i Ytre Namdal, er du litt redd for dei store orda, og salmeskatten vår er rik på slike – ein mektig skatt både i ord og tonar. Salmevalet mitt har skifta med alderen som hos dei aller fleste, vil eg tru. For nokre år sidan var vi i Foreningen Norden på besøk i Sverige, til Helsingborg sør i landet mot Danmark. Vi var inne i ei gammal steinkyrkje, og der ved pianoet i kyrkja stod notearket til den svenske sommarsalmen «I denna ljuba sommartid». Det var glitrande sommarvêr, sola stakk deg i ryggen ute, inne var det svalt og stilt, og eg måtte berre

klonke igjennom denne vakre tonen. Teksta er frå 1694, og melodien er ein folketone frå 1500-talet, jf Norsk salmebok nr 841.

*Den blomstertid nu kommer
med ljust och fägring stor.*

*Du nalkas ljuba sommar då gras och gröda gror.
Med blid och livlig väärma
til allt som varit dött
sig Solens strålar närra
och alt blir återfött*

Nå i alders år set eg også stor pris på salmen «Ein fin liten blome i skogen eg ser».



Har vi han nå?

Ja, litt av han. Litt av Karl Olsen, ein mann i Sør-Fron «alle» har hørt namnet på, og ein mann svært mange kjenner frå så mange gjeremål gjennom snart 55 år i bygda. Stikkord: lærar, rektor, dirigent, skule- og oppvekstsjef, medlem av soknerådet og i redaksjonsrådet for Kyrkjebladet. Lista kan gjerast lenger med vinnar av Kulturprisen for Sør-Fron i 1997 og meir til.

- Men kven er du?

«Eg er født i 1941, snart 79 år og kom til Sør-Fron 11.august 1966 saman med kjerringa mi, Jorid, som også var lærarutdanna. Eg er født på ein liten industristad, Salsbruket, som ligg inst inne i Opløfjorden i Ytre Namdal, i dag i Nærøy kommune. Eg voks opp med mor og far og ein bror, ni år yngre. Industristad på Namdalskysten mangla vegsamband. Her var det tremasseindustri, og skogen var grunnlaget. Men ein brann stoppa produksjonen midt på 1980-talet, far arbeidde der, mor var heimearbeidande. Skulle ein ta båten til Namsos, tok det 4 - 5 timer. Vi kryssa havstykket Folla, der våret ofte står på. Båten gjekk kl 11.00 og kl 16.00, frakta kyr og folk og varer, og folket til vart heist opp og ned om bord fram til sjukehuset i Namsos. Båtane heitte Rollaug og Herlaug - kalla opp etter to småkongar på Namdalskysten i riktig gammal tid. Slikt festnar seg i sinnet».

- Kva med kyrkjebrygg her ute?

«På Nærøya, ei lita øy på nordsida av Folla, står restane ei fin steinkyrkje. Det budde ikkje folk der. Dei som skulle på Lofotfiske var innom kyrkja og bad for godt vær. Dei som kom nordfrå var innom bad om godt vær over Folla. Der bles det støtt. Eg fekk ikkje noko forhold til kyrkja før eg vart ni år gammal. Eg voks opp i ein kystkultur med båt, hav og mykje dårleg vær, men du, kor vakkert når det var godvær! Ein må tenkje på Olav Duuns bok «I eventyre» med Odin, Bendik og Gurianna. Og på eit forrykande uvær på Folla ut mot storhavet med livskampen mellom Odin og den vonde Laurits på båtkvelvet. Odin ofra livet sitt for Laurits. Da vart Sør-Fron litt av ein kontrast. Da eg var ni år, vart det bygd ei kyrkje på Salsbruket i nyklassistisk stil, og eg hugsar ennå kor sterke inntrykk det gav å kunne lesa dei latinske bokstavane i kyrkja og ikkje minst inntrykket frå orgelmusikken, kor vakkert det var. Eg trur desse tidlege åra sette sterke spor i meg av musikk og inntrykk av det vakre, av arkitektur og handverk. Kyrkja vart ein stad for vakre opplevingar – dei vakre kyrkjebryggga, anten det var der heime eller seinare i dei store katedralane i utlandet, som St. Paul katedralen i

London, eller i Barcelona med «Havets katedral». Etter at vi flytte til Sør-Fron i 1966, har det vore ei oppleveling og ei glede å kunne ha med slekt og gjester til Sør-Fron kyrkja – «katedralen» som ligg så sentralt i bygda, og som vi kan sjå frå nær sagt alle stader i Sør-Fron. Kyrkja for oss er ikkje berre Ordet, ein samlingsstad for tru og tanke, men også for det vakre, for store musikkopplevingar. Jorid og eg har sett og søkt til mange kyrkjer for å beundre det estetisk vakre og for å få gode og sterke opplevingar av fleire slag. Og respekten for alt dette festna seg i meg alt i guteåra og har halde seg utover. Eg er nok i mangt ein mann som likar tradisjonen».

- Kvifor kom de til Sør-Fron?

«Det er kanskje meir tilfeldig. Vi kom 11.august 1966 for å begynne som lærarar på Sør-Fron ungdomsskule. Det var ein laurdag, og vi vart møtt med rømmevaffel. Fyrste skuledagen var ein kyrkjedag, - det var mitt fyrste møte med Sør-Fron kyrkje. Eg var nok meir opptatt av kyrkja som bygg enn kva som gjekk for seg frå prekestolen. Gjennom mange år her i bygda har det vore ei glede å ta med folk for å vise fram kva vi har. Tenk berre på 8. september 2019 på folkemusikkmesse under Oddvar Nygaard-jubileet – det var ei eineståande oppleveling. Da var det godt å vera kvitt vinterstormane og glasholka i Ytre Namdal. Vi likar eit stabilt innlandsklima, men også det andre – i små porsjonar. Eg er utdanna ved den fireårige lærarskulen på Levanger med eige klasserom og med ei byste av Olav Duun på skuleplassen. Det var i 1959, seinare vart det militærteneste i 1963, eitt år i Skaun der Erlend Nikulaussøn budde i Sigrid Undset romanrike. Så enda eit år på Salsbruket i Ytre Namdal. Deretter venta etter kvart Sør-Fron og naturen. Vi vart ein slags klimaflyktning. Behovet for å vera nær sjøen og båtar har seinare vore stetta på Innerøya, like ved heimegarden til Jorid. Opp igjennom åra har mange frå Harpefoss vore der. Vi kjenner oss heime der også med bading og sjøliv. Det bur ei sterkt sjøsel i meg også, ser du»!

- Det vart meir utdanning etter kvart?

«Ja, det vart norsk i Trondheim som deltidsstadium og seinare musikk på Hamar i 1970/71, og Jorid tok utdanning i kroppsøving på Elverum. Eit langt yrkesliv og ikkje minst eit frivillig arbeidsliv utanom læraryrket har det også vorte plass til».

Folk kjenner Karl Olsen som ein allsidig kulturarbeidar, ikkje minst som ei 30-årig drivkraft i Foreningen Norden, men han har også ei fortid som rektor ved Harpefoss ungdomsskule i 14 år og skule- og oppvekstsjef i kommunen for ein periode. Det var i åra 1998 til 2002.

- Du er engasjert i mangt?

«Ja, for meg er det sentrale ordet engasjement, og det får ein høve til i eit lokalsamfunn. Det er eit liv utanfor klasserommet også. Eg er glad i å arbeide med hendene, reparere møblar og eg grep i jorda. Hausten 1971 fekk eg besøk av Ivar Sørjordet med spørsmål om å bli dirigent for Fossegrimen sangkor på Harpefoss. Våren 1972 vart det arrangeret songarstemne i Midtdalen, og plutselig står du oppå ei «dirigentkasse» og høyrer 700 struper framfører «Syng deg saman» og «No ljosnar Gudbrandsdalen». Ein fekk seg ein positiv støkk! Fossegrimen var i gang fram til 1996. Du veit, det er ei trist utvikling at kor blir nedlagt. Songen gjer oss både sterke og glade. Ein får ei brei kontaktflate, ein lærer folk å kjenne og får slik sett eit sterke feste i lokalmiljøet. Det galdt for både Jorid og meg i desse åra».

- Vi må ta med arbeidet ditt i Foreningen Norden gjennom 30 år. Kvifor?

«Foreningen Norden vart skipa etter ønske fra Sør-Fron kommune ved rådmannen den gongen, Knut Hajem. Fleire var interessert, Iver Bjerkehagen, Dagny Stauri, og andre. Trond Halle var med i arbeidsgruppa, eg hamna oppi det heile som leiar. Arbeidet for og i Foreningen Norden har alltid interessert meg. Eg kom med i fylkestyret og i landsstyret to år. Sjå på ein globus og dei nordiske landa. Her rår ein felleskap, kulturelt og språkleg. Vi er runne av same rot, og det er ein utruleg rikdom at vi kan forstå kvarandre slik vi gjer. Sjølv sagt vil det vera nyansar her, og arbeidet i Foreningen Norden er i svært stor grad tufta på gode personlege forhold, har det vist seg. Før las vi lett svensk og dansk, - det har nok tapt seg. Det har med åra viste seg vanskeleg å skaffe nye folk med interesse for Norden-arbeidet, men i dei seinare åra har Sør-Fron kommune oppretta gode band til Island, til plassen Skutustadahreppur, som Sør-Fron er vennskapskommune med. Det hjelper på at vi har eit islandsk prestepar i Harpa og Kristinn og vi har hatt besøk av den islandske ambassadøren i Sør-Fron. Det er storart med nordisk kulturutveksling. Sør-Fron har hatt slike utvekslinger med vennskapskommunar i Finland, Danmark og Sverige. Dette er til ein viss grad personavhengig, små kommunar har etter kvart vorte større, da vil det nok forvitre og bli vanskelegare. I Foreningen Nordens regi er det mange tilbod for både unge og eldre, besøk og utvekslinger for å nemne noko».

Foreningen Norden har hatt same leiaren i fleire tiår – Karl Olsen. Han har vore i landsstyret i fire år og i fylkesorganisasjonen i 10 år og reist i alle dei nordiske landa på visitas og gjestebesøk.

- Kyrkjebladet – funksjon og rolle?

«Da eg starta i redaksjonen, måtte eg tenke meg om. Dette er ei frivillig gjerning, og kva er eit slikt blad, og kva skal det vera? Korleis er målgruppa? Bladet blir delt ut til alle husstandar fire gonger i året i tillegg til mange utanfor kommunen. Med andre ord- det er mange som les Kyrkjebladet for Sør-Fron. Alle bør finne noko av interesse i bladet. Det skal vera høgt oppunder taket, og kyrkja skal ha plass for alle. Dette har vore min filosofi. Den som les skal ikkje berre finne hard informasjon om fødsel, konfirmasjon, giftemål, død og gudstener, men bladet skal spegle det livet og den aktiviteten soknet driv, slik det syner seg både innanfor og utanfor kyrkjegardsmuren.

Det var sokneprest Sverre Hov som starta Kyrkjebladet for Sør-Fron da han tok til med prestegjerninga si i 1950. Han stod i teneste fram til 1974. I fyrstninga hadde bladet langt mindre skrift og færre foto, og Hov skreiv mykje sjølv. Han la eit godt grunnlag for bladet. Det nådde etter kvart ut til alle i bygda. Fleire foto kom til etter kvart, fargefoto og foto i svart/kvitt. Dei siste tiåra har vi lagt vekt på eit heilsakleg uttrykk, der vi er bevisste på dei liturgiske fargane i kyrkjeåret og med ein redaksjonell tankegang der lesaren kan finne noko både for sjela og auga. I alle år har vi hatt eit nært samarbeid med Dale-Gudbrands trykkeri på Tretten. Ja, bladet skal vera eit levande blad og ikkje ein daud publikasjon. Innhaldet skal vera aktuelt og bør vekkje vitelysta hos lesaren».

- Korleis har reaksjonane vore?

«Vi har fått lite motbør, men mange positive attendemeldingar, særleg frå dei som ikkje lenger bur i Sør-Fron. Vi har vore bevisste på at Kyrkjebladet ikkje skal vera eit debattblad. Vi har vore bevisste på å ha ei open haldning til andre trusretningar – ei open og demokratisk haldning i pact med tida vi lever i, men samtidig solid grunnfesta i ein «open folkekirkjetankegang».

- Går du ofte i kyrkja?

«Eg er medlem i kyrkja og ser på kyrkja som ein viktig tradisjonsberar, ein møtestad for refleksjon, trøyst og fellesskap, ettertanke med glede og sorg på livsvegen. Eg må vera ærleg å seie at det er ikkje støtt Ordet har greidd å formidle bodskapen til meg, men det står også mykje på den som formidlar dette Ordet. Presten vår, Kristinn, er mellom dei som gir meg mening, ein som får meg til å høre etter, akkurat som vår kjære Knut Kvidaland makta».



- Arbeidet i redaksjonen?

«Når eg vart spurta om å gå inn i redaksjonen, svara eg «ja» etter ei tid. Når eg ser attende, synest eg vi har vore ein redaksjon som har samarbeidd godt, og det har vore viktig at ordføraren i Sør-Fron, Ole Tvede Muriteigen, alltid har vore positiv til å bidra. Det gjeld for andre, så eg skal ikkje nemne andre namn her. I slike redaksjonelt arbeid er det likevel mangt å passe på, ikkje minst tidsfristar, da bladet skal ut fire gonger i året. Fristar skal ikkje sprekke, for leseren skal vente bladet til faste tider i kyrkjeåret. Vi har kome fram til gode måtar å arbeide på. Det gjeld å finne gode og faste rutinar for det redaksjonelle arbeidet, og vi får tru dette har lykkast nokonlunde bra. Men ein må rekne med at fristar kan sprekke, og det har det da gjort innimellom».

- Går du ofte til kyrkja?

«Eg høyrer ikkje med til dei faste kyrkjegjengarane. Ordet i kombinasjon med musikk gir meg gode opplevingar. Korkonsertar og ikkje minst kyrkjerommet som konsertlokale sett eg pris på. Tenk berre på dei mange fine opplevingane som organisten vår, Sergey Shulga, har fått til. Vi har mykje å vera glade og takksame for i så måte».

- Kva med språket?

«Vi har prøvd å arbeide med språket, og somme vil nok meine at vi ikkje har vore flinke nok der. Ein balanse mellom språkformene våre har vore ei

rettesnor, likeins ordformer i pakt med dei rettskrivingsreglane som gjeld».

- Oppdraget på Kyrkjebladet for Sør-Fron?

«Oppdraget ligg på rundt 1200 for kvart nummer, og i det store heile klarer vi å halde ein nøktern økonomi, men er sjølv sagt avhengig av gåver og andre tilskot for å halde det gåande. Men økonomien er ei utfordring som vi aldri blir ferdig med. Reklame har vi så langt styrt utanom».

- Kvifor vel du å gje deg nå?

«Alderan krev nå alltid sitt, og eg synest at slike arbeid skal rullere. Eg har kanskje halde på lenge nok, og det er viktig at andre kjem inn etter kvart med sine idear og tankar om korleis eit kyrkjeblad skal vera».

- Sjå attende! Kva har dette arbeidet gitt deg?

«Svaret er enkelt! Innsikt og kunnskap på eit område eg før hadde liten innsikt i. Eg har fått verdi fulle møte med andre menneske og ein sjanse til å få ta del i opplevingar eg elles ikkje ville ha fått. Eg kjenner at eg har vorte meir sør-frøning etter desse redaksjonsåra. Eg har fått lov til å ta del i livet til folk i bygda på ein heilt annan måte, og eg vil nytte høve til å takke alle som har ytt sitt slik at Kyrkjebladet for Sør-Fron kan leva vidare som eit viktig bindeledd mellom oss alle».

Rasmus Stauri

Årets Fasteaksjon blir digital og er viktigere enn noensinne

For å hindre spredning av Corona smitte blir årets bøssebæringsaksjon avlyst.

Dette betyr at pengene til årets fasteaksjon samles inn digitalt via:

- **Vipps til 2426**
- **SMS** med kodeord **VANN til 2426** (dette trekker 200 kr fra avsender)
- Betalingsfunksjon på fasteaksjonen.no
- Sosiale medier, og særleg facebook innsamlingsaksjoner



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Møte med den nye menighetspedagogen



1. januar 2020 startet Barbro Kvernes i stillingen som menighetspedagog i Sør-Fron kirke.

Barbro er utdannet barnehagelærer og jobber 40 % som menighetspedagog og 40% som barnehagelærer i Liene barnehage. Hun er født og oppvokst på Sør-Fron, og bor nå borti Søre-Lia med samboer og to barn.

Barbro forteller at hennes første møte med en menighetspedagog, var da hun selv deltok på babysang og småbarnssang med sine egne barn. Da stillingen som menighetspedagog i Sør-Fron ble lyst ut høsten 2019, begynt hun å tenke på om dette kunne være noe for henne. Hun forteller at det er mange likhetstrekk mellom jobben som barnehagelærer og jobben som menighetspedagog. Den største forskjellen er nok at hun får en litt annen relasjon med barna hun møter i kirken, og det er interessant og se barna i en annen situasjon enn det hun har gjort tidligere.

Barbro har kommet godt i gang i jobben, og har allerede rukket å arrangere babysang. I tillegg har hun vært med på samling og utdeling av bok til alle 6-åringene. I april skal hun i gang med småbarnssang, og før påske er hun invitert til barnehagene for å fortelle om påsken.

Etter at hun startet i jobben, innser hun hvor viktig menighetspedagogen er for lokalsamfun-

net. Babysang og småbarnssang er et viktige møteplasser for mange, der de kan treffe likesinnede. Her tilpasses opplegget etter deltagerne og de synger og spiser lunsj sammen.

Når hun har aktiviteter med de litt eldre barna, legger hun vekt på at alle barna skal føle seg inkludert og at det er et godt sted å være. Alle er hjertelige velkommen!

Barbro vil foreløpig følge samme opplegg gjennom året som den tidligere menighetspedagogen, men er åpen for at det kan bli små endringer og tilføyelser etterhvert. Hun forteller at hun har et bra nettverk med menighetspedagogene i Ringebu og Nord-Fron, og at det er godt å ha kollegaer hun kan støtte seg på, og hente ideer fra. Hun har brukt tid på å sette seg inn i hva som skjer rundt omkring i de andre menighetene, og får på denne måten gode tips til aktiviteter. Barbro er glad i å være ute og bruke naturen, så det er ikke utenkelig at det etterhvert kan bli et arrangement knyttet opp mot aktiviteter i friluft.

Barbro avslutter praten med å understreke at hun er takknemlig for måten hun har blitt tatt imot på i menigheten, og for all hjelp hun får fra kirkekontoret og de frivillige som er med og hjelper til.

Kristin Sommer

KONF
IRM
AN
20*20

Åpningsseremoni
i hoppbakken!



Glimt fra Konfirmantleiren i Håkons Hall 7.-9. februar



Fakkeltog fra hoppbakken
ned til Håkons Hall



Spennende program i Håkons Hall!

Konfirmantar i Sør-Fron kyrkje 2020

Eskil Nyhus Aanekre
Troy Bakken
Jan Falkenhaug
Elias Gryttingslien
Audun Holmen
David Holmen
Borger Clausen Hylland
Magnus Løfsgaard Jetlund
Kristoffer Hegge Kjorstad
Stian Korstadhagen
Tobias Lien
Lars Muriteigen
Olai Opsahl
Emil Krokbo Rannstad
Håvard Rudi

Eirik Berge Rudi
Markus Kristoffer Skogstad
Simon Solbakken
Carina Riber Bakken
Saskia Elita Baschong
Mari Sikle Dokken
Hanna Frikstad-Midtlind
Helle Haugsjordet
Emma Eid Korsletten
Martine Skibenes Rannstad
Astrid Kjersem Rustad
Nikoline Scheie
Gina Nylund Skurdal
Sara Solberg

KONFIRMAN
2020

BARNAS SIDE

Fargelegg!


Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

**Bestill
abonnement**
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

- Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
- Blei bollane gode?
- Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?
Svar: Dei tar stikkprøver.



Nytt frå trusopplæringa

Samlingar med 6-åringane

I samband med utgjeving av 6 årsboka vart borna inviterte til to samlingar i forkant av gudstenesta.

Den fyrste samlinga føregjekk i kapellet, der borna fekk høyre om påskebodskapen bilde gjort gjennom flanellograf, samt lera om kristuskransen som er ein bøne- og meditasjonskrans. Vi song Guds kjærlighet og På golgata, laga honninglys og teikna.

Andre samlinga føregjekk i kyrkjerommet, saman med soknepresten. Presten fortalte og viste borna om jobben sin i kyrkja og kvifor påske er så viktig for kyrkja. Han syntte fram kva for klede han har på, når og kva dei ulike fargane symboliserer. Han syntte korleis ein dåp foregår og samt nattverd. Og dette fekk dei borna som ville, prøve ut. Etterpå fekk alle perle kvar sin kristuskrans, før vi øvde på prosesjon og songane vi skulle syngje i gudstenesta søndagen etter. Trivelege stunder med born og foreldre.

Gudstenesta vart gjennomført som planlagt med prosesjon saman med dåpsfølget den dagen, sang og bokutdeling. Vi avslutta med kyrkekekaffe i kapellet. Ein vellukka og triveleg oppstart for menighetspedagogen.



Borna får perle sine eigne kristuskransar.



Borna får prøve å døpe dokka.



Sokneprest Kristinn fortel om dåpsritualet.



Soknepresten fortel om nattverd.

Småbarnssang

Det blir ny runde med småbarnssang i kapellet i vår.

Samlingane varer ca. 1 time, og inneholder felles sangstund, leik og kveldsmat.

Vi møtest onsdag 22. april, 29. april, 6. mai og 13. mai, alle dagar klokka 17.

Målgruppe: born 1-5 år (det året de fyller 5) i lag med vaksne.

Pris: 50 kr pr. familie

Nytt klokkespill til kyrkja vår



I 1956 fekk kyrkja eit elektronisk klokkespel i gáve frå norsamerikanaren Andrew Melgard. Klokkespelet spela ein melodi gjennom høgtalarar frå klokketårnet. Mange hugsar sikkert det.

Elektronikk er ikkje evigvarande, og på slutten av 60-talet var det slutt på musikk frå klokkespelet.

Alle organistane frå 70-talet og fram til i dag har prøvd å få det reparert, utan å lykkast.

I 2017 sette soknerådet ned ei arbeidsgruppe som skulle greie ut spørsmålet om nytt klokkespel.

Arbeidsgruppa sit organisten, Sergey Shulga, Marita Aanekre, tidlegare soknerådsmedlem, og Karl Olsen, tidlegare ansvarleg for kyrkjebladet og mangeårig medlem av tidlegare sokneråd.

Det vart fort klart at eit elektronisk klokkespel ikkje var aktuelt - det måtte bli eit ekte klokkespel. Det viste seg og at kykjetåret ikkje var eigna for eit ekte klokkespel, det ville kreve omfattande endringar. Dermed var det klart at det måtte bli eit frittståande klokkespel.

Det sørlege, østre hjørnet av kyrkjegarden er vald ut for plassering av klokkespelet, og er særleg godt eigna.

Sokneprest Kristinn Olasson:

Forutsatt at alle tillatelser og finansiering av prosjektet er på plass ser jeg et nytt klokkespill som meget attraktiv for Sør-Fron sokn. Dette åpner for nye muligheter både knyttet til forskjellige temaer i kirkeåret og i andre kulturelle sammenhenger. Det er på mange måter fornuftig å knytte et nytt klokkespill til 1000-års markeringen av kristninga i Gudbrandsdal som feires på Hundorp i 2021.

Kantor Sergey Shulga:

Klokkespill er en drøm for meg helt siden 2011 da jeg første gang hørte om at Sør-Fron kirke hadde hatt et klokkespill tidligere. Det er noe som kan gi Sør-Fron et sær preg, og løfte kommunen ytterligere som et reisemål for flere pilegrimer og turister fra hele verden.

Bruksverdien av et slikt instrument er uerstatteleg. Det kan brukes til mange kirkelige handlingar, og gjøre høytidene til en ekstra stor opplevelse for mange, både i og utenfor kirkjen.

Klokkespill er en varig investering som kan yte for kirkjen og besökende i flere hundre år. Min oppfordring til alle frøninger er - vær gjerne med å se inn i framtiden sammen med oss, oss som bidrar til nytt klokkespill i Sør-Fron i 2021.

Arkitekt Erik Langdalen:

Sør-Fron kirke står i et storslått natur- og kulturlandskap. Kirken markerer et sentrum i dalen, og vitner om den rike historien i området.

Tomta gir et unikt utsyn over kirkjen og dens plassering i landskapet, og gir en økt forståelse for dens betydning. Tomten er synlig fra mange steder, både i nærområdet og i dalen.

Torveig Dahl, styreleiar for historielaget Dølaringen:

Sør-Fron kyrkje er og kalla Gudbrandsdalsdomen, og er ei markant kyrkje i dalen og landskapet. Kyrkja vert brukt i mange samanhengar av kyrkjelyden, bygda, og har ein sentral plass i bygda sin identitet.

Kyrkja ligg og ved pilegrimsleden, og kyrkja og kyrkjegarden er eit kjært besøksmål når dei passerer. Eit klokkespel i hjørnet av kyrkjegarden vil vera eit verdig supplement til kyrkja.

Eivind Slettemeås, kunst-kurator, Harpefoss hotell:

Det er godt plassert i det vakre kulturlandskapet og har en utforming som også inviterer til en sterk visuell opplevelse av klokkespillet. Den utradisjonelle utformingen og plasseringen vil kunne bli en ny flott attraksjon for kirka og i kommunen.

Den utradisjonelle utformingen og plasseringen vil kunne bli en ny flott attraksjon for kirka og i kommunen.

Vigdis Holmestad, prosjektleder Gudbrandsdalsvegen:

Vi har fokus på å bygge lokal stolthet og eierskap til alle de fantastiske opplevelsene vi kan by på langs Gudbrandsdalsvegen.

Eit klokkespill ved Gudbrandsdalsdomen vil være et flott tilskudd og en opplevelse som vil være viktig for det helhetlige reiselivsproduktet.

Sør-Fron kirke er med i dette nettverket og vi kan tilby mange, flotte opplevelser knytta bl.a. til arkitektur, kulturlandskap og konsertopplevelser når det gjelder kirka.

Det å kunne ha et klokkespill som ivaretar historiefortellinga og kulturarven for kirka, bygda og regionen vil være et viktig bidrag i utviklinga av Gudbrandsdalsvegen.

Per Gunnar Hagelien, Daglig Leder Pilegrimssenter Dale-Gudbrand

Pilegrimssenteret er bedt om å gi en uttale om prosjektet klokkespill ved Sør-Fron kirke.

Pilegrimssenteret Dale-Gudbrand er positiv til prosjektet og ser på et klokkespill ved Sør-Fron kirke som et bidrag til opplevelsen ved å gå Pilegrimsleden.

Pilegrimsleden går forbi kirken, og plasseringen er god i forhold til at pilegrimene kan gå innom for å oppleve på klokkespillet. Det er derfor viktig at det i forbindelse med prosjektet tilrettelegges sitteplass i tilknytning til klokkespillet.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand ber også om at utforminga bidrar til en god tilpasning til miljøet og at produksjonen skjer lokalt. Dette vil bidra til en god formidling av ledet med tilhørende attraksjoner.

Arbeidsgruppa

SMÅJOBBEN I SØR-FRON

- *En hjelpende hånd når du trenger det*

Småjobben er først og fremst et tilbud til eldre og folk med nedsatt funksjons-
evne som trenger forskjellig form for hjelp.

Vi kan hjelpe med plenklypping, luking og bortkjøring av avfall, småreparasjoner
av forskjellig slag, eller andre ting du selv har utfordringer med i hverdagen, og
som er av en slik art at en amatør kan utføre det.

Timeprisen er kr. 130,00, dersom medhjelper har med egen snøfres/gressklipper,
er prisen kr.200.00. Oppgjør betales direkte til den som utfører arbeidet.

Arbeidstiden regnes fra når den som skal utføre arbeidet reiser hjemmefra.
Oppdraget skal ikke ta mer enn 3 timer hver gang.

Småjobben trenger frivillige medhjelpere. Vi ønsker å knytte til oss personer som
ønsker å utføre forskjellig arbeid for eldre og personer med nedsatt funksjons-
evne i kommunen

Ønsker du oppdrag?

Ta kontakt med: Småjobben 915 31 750, mandag – onsdag 10.00-12.00



En søndag med fokus på Japan

Det norske Misjonsselskap, Gudbrandsdalen område,
ønsker velkommen til

**Områdestevne i Sødorp kirke, Vinstra,
søndag 19.april**

- 11.00 Vi deltar på gudstjenesten i Sødorp kirke
- 12.30 Kirkekaffe i Kyrkjestugu
- 13.00 Misjonsmøte med Eva og Knut Inge Tokheim,
tidligere Japan-misjonærer og tidligere område-
sekretærer for Gudbrandsdalen. Tidligere Japan-
misjonær Anna Magni Larsen deltar også. Sang
og musikk. Nytt fra NMS.
- 15.15 Årsmøte
- 16.00 Middag med påmelding til:
Jorunn Heier tel 906 38 559,
innen 14.april

GRAVLUNDSVEDTEKTER for kirkegårdene i Sør-Fron – utdrag

Fullstendige vedtekter på vår hjemmeside « www.kirken.sor-fron.no » etter at Hamar bispedømme har godkjent vedtekten.

§ 1- OVERORDNA MYNDIGHET

Kirkegårdene er underlagt soknet sin administrasjon og myndighet

§ 2- ANSVAR FOR DAGLIG DRIFT

Kirkevergen er ansvarlig for den daglige drift av kirkegårdene.

Kirkevergen fører elektronisk, protokoll, kartverk, har ansvaret for innkreving av festeavgift, tilviser graver, godkjenner gravminne og er den nærmeste overordna for de tilsette på kirkegårdene.

Kirketjenerne oppdaterer protokoller og kartotek som oppbevares i brannsikker safe i servicerom på kirkegårdene.

§ 6- GRAVMINNE

Kirkegårdsmyndighetene vil sørge for at grava blir planert og tilsådd.

Gravminne skal før det blir satt opp vær godkjent av kirkevergen eller den han gir myndighet.

Kirkevergen er gitt slik myndighet av soknet.

Ved bruk av naturstein skal også denne ha sokkel med 2 rustfrie bolter, slik at den kan løftes av sokkelen.

Stående gravminne skal være festet til fundament/sokkel med minst 2 bolter i rustfritt stål. Fundamentet skal ha en form og en størrelse som hindrer at gravminnet velter, og skal i bunnen ha en anleggsflate som er minimum det dobbelte av anleggsflaten til gravmonumentet. Fundamentet skal flukte med bakken.

§ 7- PLANEFELT

Foran gravminnet er det anledning til å opparbeide et plantefelt i høyde med bakken rundt.

Det må ikke være bredere enn gravminnets bredde og ikke stikke lenger frem enn 60 cm målt fra gravmonumentets bakkant.

Det må ikke plantes blomster eller helårsplanter som overstiger høyden av og går utenfor bredden av gravmonumentet.

Beplanting skal ikke skygge for teksten på monumentet.

Helårsplanter må beskjæres.

Plantefelt som ikke blir stelt, kan bli tilsådd av kirkegårdsmyndighetene.

Innramming av grava, eller deler av den, med hekk, stein, jern eller annet materiale, er ikke tillatt.

Bruk av faste dekorgjenstander i plantefeltet er ikke tillatt.


Plantefeltet kan rammes inn med rett skåret stein som flukter med bakken.

Lys, lysholdere og annet må ikke stikke utenom gravminnet eller plantefeltet.

Flagg må ikke stå over natt og brukes kun på helt spesielle dager.

Kirketjeneren har fullmakt til å ta flaggene vekk dersom dette ikke er fulgt opp.

Begrensninger av plantefelt.



A = Maks steinen bredde.

B = Maks 60 cm fra steinen bakkant til plantefeltets fremkant.

§ 12- KIRKEGÅRDSFREDEN

Opphold, ferdsel, arbeid og andre handlinger på kirkegården skal skje på en sømmelig og minst mulig støyende måte, slik at det virker støtende på noen.

Kjøring på kirkegården må bare foregå med samtykke fra kirkevergen.

Sykling er forbudt, og løse hunder må ikke bli tatt med inn på kirkegården.



Bispevisitas i Sør-Fron 9.-14. juni

I dagene 9.-14. juni kommer biskop Solveig Fiske på visitas i Sør-Fron.

Under visitasen får vi også anledning til å møte den nye prosten i Sør-Gudbrandsdal, Tor Even Fougnar, som er med i hennes følge.

En bispevisitas har den hensikt at biskopen skal utøve kirkelig tilsyn.

Formålet er å støtte, inspirere og veilede menigheten og ansatte, og å gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet. Visitasen skal bidra til aktivt engasjement og stadig fornyelse av den evangelisk lutherske folkekirke, og se til at evangeliet forkynnes i soknet. Bispevisitasen er hjemlet i Tjenesteordning for biskoper §7 fastsatt i Visitasreglement for Den norske kirke.

Den siste visitasen i Sør-Fron var i 2012.

Her erfarte vi at biskopen viste stor interesse og engasjement for bygda vår. Ikke bare for det kirkelige liv, men også for virksomheter, møter og samtaler med mange mennesker. Her fikk biskopen et godt inntrykk av hvordan det står til med oss i Sør-Fron.

Vi gleder oss til et nytt møte med biskopen og ønsker henne og følget hennes velkommen til Sør-Fron.

Programmet for visitasen er under arbeid og vil bli kunngjort bl.a i neste utgave av kyrkjebladet.

Utsatt til neste år! Kristian Haave, kirkeverge

Gudstenester i påska 2020

Skjærtorsdag: **Sør-Fron kyrkje kl. 18.00**

Gudsteneste m. nattverd

Felles kveldsmat og sosialt samvær i kapellet etterpå,
Pris kr 40,- Sang v. Bjørg og Magne

Prest: Kristinn Olason Musikk: Sergey Shulga

Langfredag: **Espedalen fjellkirke kl. 17.00**

Gudsteneste m. tekstlesing, musikk og meditasjon.

Prest: Kristinn Olason Musikk: Sergey Shulga

Påskennatt: **Kvam kyrkje kl. 23.00**

Felles påskennattsmesse for kyrkjelydane i Sør-Fron, Nord-Fron og Sel

1. påskedag: **Sør-Fron kyrkje kl. 11.00**

Høgtidsgudsteneste, dåp

Prest: Kristinn Olason, Musikk: Sergey Shulga

Med forbehold om endringer.

DET SKJER

Høgstdagsbøn i Sør-Fron kapell

Onsdag 6. mai	kl. 12.00
Onsdag 10. juni	kl. 12.00 (bispevisitas)

Andakt på Sørheim omsorgssenter

Torsdag 7. mai	kl. 11.30
Torsdag 11. juni	kl. 11.30 (bispevisitas)

Dugnad på Sør-Fron kyrkjegard

Laurdag 25. april fra kl. 10.00 Raking på kyrkjegarden
Ta med rive. Servering i kapellet.

Morgensang med dugurd

Kristi himmelfartsdag, torsdag 21. mai kl. 09.30
Morgensang i Sør-Fron kyrkje og sosialt samvær med mat i kapellet etterpå.

Med forbehold om endringer.

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

 **KIRKENES**
SOS

Slekters gang

DØPTE:

01.12.19	Emil Moen	f. 14.08.19
01.12.19	Magnus Haugland	f. 28.07.19
25.12.19	Vilma Tofte Dahlen	f. 18.05.19
12.01.20	Even Ånne	f. 23.08.19
12.01.20	Anton Ånne	f. 23.08.19
02.02.20	Mia Høye-Marki	f. 10.09.19
02.02.20	Emilie van der Velpen Baukhol	f. 11.10.19
02.02.20	Anine van der Velpen Baukhol	f. 11.10.19
16.02.20	Vemund Skurdal	f. 30.10.19
01.03.20	Ida Nilspllass	f. 24.10.19

GRAVFERD:

13.12.19	Egil Odd Isumhaugen	f. 1945
13.12.19	Iver Gunnar Steig	f. 1933
21.12.19	Ragnar Langvegg	f. 1933
17.01.20	Britt Bjørkhag	f. 1952
21.01.20	Bertha Jonsen	f. 1929
24.01.20	Einar Rannstad	f. 1926
04.02.20	Marit Rolvsbakken	f. 1928
07.02.20	Kjell Scheie	f. 1935
06.03.20	Ingrid Underdalshaugen	f. 1938



VIPPS OSS GJERNE!

Sør-Fron Kyrkje:

Du kan gi offer eller gave til kirken på

Vipps nr. 93508

**Beløpet går til søndagens offerformål
om ikke annet er merket.**

Espedalen Fjellkirke:

Du kan gi offer eller gave til kirken på

Vipps nr. 525769

**Beløpet går til søndagens offerformål
om ikke annet er merket.**

**Besök vår hjemmeside:
www.kirken.sor-fron.no**

TIL TENESTE

Kyrkjekontoret:

Kyrkjekontoret i Sør-Fron
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron.
Telefon: 61 29 92 30. Fax: 61 29 92 31.
E-post: kirkekontoret@sor-fron.kommune.no

Kontortider:

Tysdag, onsdag, torsdag og fredag kl. 10.00–14.00.

Kyrkjeverge:

Kristian Haave
Tlf. kontor: 61 29 92 30 Mobil: 90 64 79 15
E-post: kristian.haave@sor-fron.kommune.no

Sokneprest:

Kristinn Ólason.
Bergevegen 21, 2647 Sør-Fron.
Tlf. arbeid: 61 29 92 32. Mobil: 90 87 49 19
E-post: kristinn.olason@sor-fron.kommune.no

Organist:

Sergey Shulga
Tlf. arbeid: 61 29 92 33. Mobil: 97 53 71 95
E-post: sergey.shulga@sor-fron.kommune.no

Klokkar:

Synøve Barlund Fladby
Tlf. arbeid: 61 29 92 35. Mobil: 97 72 44 49
E-post: synove.barlund.fladby@sor-fron.kommune.no

Menighetspedagog:

Barbro Kvernes
Tlf. arbeid 61 29 92 34. Mobil: 48 10 20 36
E-post: barbro.kvernes@sor-fron.kommune.no

Kyrkjetenarar:

Sør-Fron kyrkje: Stein Olav Myhre
Mobil: 91 38 58 53.
Espedalen Fjellkirke: Arnt Ove Voldbakken
Mobil: 97 95 05 42.
E-post: arnt@dalseter.no

Sør-Fron sokneråd:

Leiar: John Sigurd Holtesmo. Mobil: 92 03 15 31
e-post: jsholtesmo@icloud.com
Nestleiar: Åse Beitdokken. Mobil: 45 61 03 57
aabeid@gmail.com

SØR-FRON KYRKJEBLADE

Sør-Fron Kyrkjeblad kjem ut med 4 nummer pr. år.
Det blir delt ut til alle husstandar i kommunen.
Minste kontingent er kr. 200,-.

I redaksjonen: Synøve Barlund Fladby, Kristin Sommer,
Kristian Haave og sokneprest Kristinn Olason.
Bankgirokonto: 2095.21.81263

Grafisk produksjon og ekspedisjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri as, 2635 Tretten.
Tlf. 61 27 73 50
www.dg-trykk.no

Stoff til kyrkjebladet sendes redaksjonen
eller ring telefon 61 29 92 30.
Stoff kan også sendes på mail:
prestekontoret@sor-fron.kommune.no

Velkommen til kyrkje

29. mars – 4. s. i fastetida – AVLYST!

Lit.farge: Fiolett

Sør-Fron kapell kl.18.00 Kyrkjelyden sitt årsmøte

5. april – Palmesøndag – AVLYST!

Lit.farge: Fiolett

Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Gudsteneste

Skjærtorsdag 9. april

Lit.farge: Fiolett

Sør-Fron kyrkje kl.18.00 Skjærtorsdagsgudsteneste

Kveldsmat i kapellet etterpå, kr. 40,-

Langfredag – 10. april

Lit.farge: Fiolett

Espedalen fjellkirke kl. 17.00 Gudsteneste

Påskennatt – 11. april

Lit.farge: Kvitt

Påskennattsmesse i Kvam kyrkje kl. 23.00

Påskedag - 12. april

Lit.farge: Kvitt

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

19. april - 2. s. i påsketida

Lit.farge: Kvitt

Sørheim omsorgssenter kl. 12.00 Gudsteneste

26. april – 3. s. i påsketida

Lit.farge: Kvitt

Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Våronnmesse

1. mai -fredag

Lit.farge: Grøn/kvit

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

3. mai - 4. s. i påsketida

Lit.farge: Kvitt

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Samtalegudsteneste

10. mai – 5. s. i påsketida

Lit.farge: Kvitt

Espedalen fjellkirke kl. 11.00 Gudsteneste

17. mai – søndag

Lit.farge: Grøn/kvit

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Festgudsteneste

21. mai – Kristi himmelfartsdag

Lit.farge: Kvitt

Sør-Fron kyrkje kl. 09.30 Morgensang

24. mai – søndag før pinse

Lit.farge: Kvitt

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjon

31. mai – Pinsedag

Lit.farge: Raud

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste

7. juni - Treeiningssøndag

Lit.farge: Kvitt

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Krøllegudsteneste

14. juni – 2. s. i treeiningstida

Lit.farge: Grøn

Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Visitasgudsteneste

21. juni – 3. s. i treeiningstida

Lit.farge: Grøn

Sør-Fron kirke kl. 11.00 Gudsteneste

28. juni – 4. s. i treeiningstida

Lit.farge: Grøn

Espedalen Fjellkirke kl. 11.00 Gudsteneste

*Vi ynskjer alle leiarane av
Kyrkjebladet god påske!*